

Rindal Zoo-Montasjer
6058 Rindalsskogen

Lom, den 24.11.93

Utstopping av ørn

Eg viser til telefonsamtale i dag den 24.11. ang. utstopping av ørn.
Etter samtal med Sverre Sørumgård, kom vi fram til følgjande om
utstoppinga:

- i flukt med heilt utspila venger
- knekk på eine vengen i forhold til horisont
- forsterke vengane med ståltråd e.l.


Dersom de har spørsmål, kan de ta kontakt med Sverre Sørumgård på
telefon 61 21 15 77/61 21 12 92/61 21 13 38 (arbeid) eller 61 21 15 27
(privat). Etter nyttår skal han ta til å arbeide for Norsk
Fjellmuseum og de kan då evt. prøve telefon 61 21 10 00 (spør etter
Norsk Fjellmuseum).

Vi vil elles nytte høvet til å takke for flott arbeid med ein hubro de
stoppa ut for Lom kommune for nokre år sidan.

Med helsing
for Norsk Fjellmuseum

Kjell Ola Haugen

Dessa vant sendt den 28.11.93 sommar med öma.



LOM KOMMUNE

MILJØVERNRAÐGJEVAREN

2686 Lom

tlf: 61 21 10 00
fax: 61 21 17 70

Lom, 22.09.1993
Vår ref: 198/93-KS
Dykkar ref:

Fylkesmannen i Sør-Trøndelag
Rindal Zoo-Montasjer

VEDLEGG TIL SØKNAD FRÅ NORSK FJELLMUSEUM OM Å FÅ BEHALDE KONGEØRN FOR UTSTOPPING

Som det går fram av funndatoen for kongeørn som Norsk Fjellmuseum ønskjer å behalde for preparering har ein ikkje greidd å halde tidsfristen på 4 veker før vidaresending til autorisert preparant.

Vil med dette stadfeste at finnarane straks melde frå om funnet til hovudutvalet for miljø- og naturforvaltning, som og har funksjon som viltnemnd i kommunen. Finnarane var augevitne til at orna flaug opp frå eit kadaver og kolliderte med høgspentledning rett ovafor.

Underteikna, som er sekretær for hovudutvalet, tok kontakt med Norsk Fjellmuseum for å høyre om dei var interesserte i å overta kongeorna. Dei sa seg svært interesserte, men utstillingane ved museet er i ei tidleg oppbyggingsfase og det tok derfor noko tid før det vart endeleg avgjort om ein skulle prøve å få ørna som utstillingsobjekt. I påvente av ei endeleg avgjerd vart fuglen lagra på fryseri, og vi tok og telefonkontakt med miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen i Oppland og orienterte om funnet. Ørna er registrert i fallviltstatistikken for Lom kommune for 1992/93.

Underteikna var heller ikkje kjend med fristen på 4 veker før vi ved brev av 24.08.93 frå Miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen i Oppland fekk oversendt søknadsskjema med retningslinjer for å behalde fallvilt.

Med helsing

Kari Sveen
Miljøvernrådgjevar

Gjenpart: Norsk Fjellmuseum